

kallar seg realistar, har valt å tru på dei som seier CO2 ikkje er varmedrivande. Samstundes som dei visst godkjenner at havet har blitt varmare?»?

Den globale temperaturen har ikke steget, men gått ned og flatt ut de siste 17 år (NASA). Havet har blitt kaldere og vil etter hvert absorbere mer CO2. Det reguleres etter Henrys Lov. En av lovene som IPCCs klimaeksperter har en lei tendens til å overse. Hva naturlovene sier er for dem uinteressant.

■ Så det blir feil å si at klima-realistene er enige om at havet er i ferd med å bli varmere.

Vår oppfatning er at det kun er solstråler som kan varme opp havet, da de kan trenge mer enn 100 meter ned, mens infrarød stråling stoppes på mindre enn en dybde på 100my. Er det lite solstråler og lav temperatur over landområder, er det også det over hav og vann.

At hav og vann blir varmere er altså en hypotese som alarmistene fortsatt klamrer seg til for å forklare at vi har økende varme, selv om det klart blir kaldere.

Dette er saker Michaelsen bør lese seg opp på om hun vil gi inntrykk av å være en «oppegående» person. Så kan hun la Luthers lille Katekisme få kvile den stønna.

Willy Barmoen

ring?

Samtidig som store uenigheter, kriger, vold og terror mer og mer er blitt verdens svøpe? Historien har vist at menn alltid har villet være krigere. Hitler er ikke det eneste eksempelet.

Kanskje kan Norge begynne på noe helt nytt. Satse på det kvinnelige myke – kvinnenes egenart? Klare å overmanne det maskuline, krigerske. Der mildhet betraktes som svakhet.

La det smitte over på manskastionen FN, som siden 1945 ikke synes å ha hindret en eneste konflikt. Barske menn under lysblå hjelmer har ikke skapt noen fred.

Nei, la jentene overta de neste 1000 år, så får vi se. Noe må gjøres, hvis ikke vil verden ødelegge seg sjøl.

Einar Lang-Ree



VIN ELLER VENN: Den alkoholholdige druesafta er eit ord med lang i (vín), som ein ser når ein samanliknar med tysk og engelsk der lang i blei til ai, Wein/wine, skriv Jens Haugan. FOTO: NTB SCANPIX

God vin til ein god ven

Språkåret: Det mange som har eit godt forhold til vin.

■ MENINGER

Jens Haugan

Når det står i Håvamål: «Veiztu, ef þú vin átt, þann er þú vel trúir...», kunne det jo kanskje tyde: «Veit du, om du har ein vin, som du trur er god...».

Men det gjer det ikkje. Det gammalnorske ordet vin(r) er rett og slett ven eller venn på moderne norsk.

Den korte i-blei senka til e i talespråket, og i moderne norsk markerer ein gjerne kort vokal med dobbel konsonant.

I nokre dialekter blei derimot vokalen lang, og vi har derfor både ven og venn i nynorsk skriftspråk i dag.

Den alkoholholdige druesafta er eit ord med lang i (vín), som ein fort ser når ein samanliknar

med tysk og engelsk der lang i blei diftongert til ai, dvs. Wein/wine. Den gode gamle ven(n)en hadde altså ein kort i i gammalnorsk.

■ Håvamål seier: «Vin sínum skal maðr vinn vera, þeim ok þess vin; en óvinnar síns skyli engi maðr vinnar vinn vera.»

Her har ein mykje vakkert bokstavrim. Dette verset tyder noko sånt som: Venen sin skal ein vera ven med, med han og hans ven; men med sine uveners vener burde ingen mann vere ven».

I tillegg til ordet ven(n), som er eit substantiv, har vi også ordet ven, som er eit adjektiv. Adjektivet tyder vakker, fager, fin, pen, og det kan jo ofte passe på ein god ven(n).

Men dei fleste vil nok protestere dersom ein påstår at desse to orda har noko med kvarandre å gjere. Det har seg likevel slik at orda kan følgjast tilbake til eit felles opphav.

■ Den gamle germanske ordrota er *weni- og hadde med elske og

like å gjere. Ein likar jo gjerne ven(n)ene sine.

Dette tydingsinnhaldet finn ein også i ordet von, gammalnorsk vón og ván, håpet eller forventninga som gjerne er knytt til noko ein likar. Det er gammalnorsk ván som blir til vænta, altså vente eller vone, og vænn, det som gjev von eller håp, som er lovande, god, vakker, ven.

Og kva heiter kjærleiksgudinna igjen? Jo, Venus. Dette kan vi like. Veneriske sjukdommar vil vi derimot helst ikkje vere ven(n) med.

Elles høyrer faktisk også ordet venstre, gammalnorsk vinstri, med i denne samanhengen. Venstresida blei visstnok i eldre tider sett på som den betre eller gunstigare sida.

■ «Veiztu, ef þú vin átt, þann er þú vel trúir, ok vill þú af hánum gött geta, geði skaltu við þann blanda ok gjöfum skipta, fara at finna oft.» – Veit du, om du har ein ven, som du trur er god, og du ónskjer á fá godt av han, tru deg heilt til han og gje kvarandre gáver; far og besök han ofte.

Då har vi det klart: det kan vere godt med ein god vin, men enda betre med ein god ven(n). Men ein kan ein jo gjerne gje vin i gáve eller dele ei flaske god vin med ein god ven(n).

” Det gammalnorske ordet vin(r) er rett og slett ven eller venn på moderne norsk.

JENS HAUGAN